

Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2026

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon og utvikling av fornybar kraft.

SKL si vasskraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland og Rogaland fylke. Hovuddelen av vasskraftproduksjonen og driftsmiljøet ligg i Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune. I tillegg eig og driv SKL Eikelandssosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8.75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 474 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Produksjonen av småkraft skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i dotterselskap med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. I 2025 starta utbygging av to nye småkraftverk med ein venta produksjon på høvesvis 18 og 15 GWh.

Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh og 3 småkraftverk er under bygging med venta produksjon på 89 GWh. SKL sin andel av produksjonen i dei tilknytta selskapa utgjer 59 GWh, og vil auke til 103 GWh når anlegga under bygging vert sett i drift.

Selskapet deltar også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

SKL eig 95% av Midtfjellet Vindkraft AS som driv vindkraftproduksjon på Midtfjellet i Fitjar kommune. Årleg middelproduksjon utgjer 423,6 GWh på 55 vindmøller med samla effekt på 150 MW. Ved utgangen av 2025 overtok SKL 100% av vindparkane Gismarvik og Storøy, som har årleg produksjon på høvesvis cirka 37 og 25 GWh.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonen er lokalisert på Stord, same stad som hovudkontoret til selskapet ligg.

Aktiviteten første halvår i 2026

I første halvår 2026 har kraftmarknaden vore prega av låge magasinnivå, lite tilsig og høge kraftprisar.

Sunnhordland Kraftlag AS har også hatt mindre enn normalt tilsig og produksjon, noko som medførte den lågaste registrerte magasinstand dei siste 10 år i veke 20. Dei siste vekene i juni gav betre tilsig, som førte til ei mindre auke i magasinstanden og løfta den over minimumsnivå. Teknisk tilgjenge til anlegga har vore god.

Vindkraftproduksjonen var også litt svakare enn normalproduksjon grunna svak vindressurs, særleg tideleg på året.

Også i 2026 har selskapet stor prosjektaktivitet. Utbygginga av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad starta i september i 2025, etter investeringsvedtak før sommaren. For tida pågår arbeidet med uttak av kraftstasjonshall og vassvegstunnelar.

Kraftverket får installert effekt på 185 MW, gir cirka 70 GWh ny produksjon årleg, i tillegg til moglegheit for betre styring av produksjonen i heile vassdraget. Kraftverket vil etter planen komma i drift i 2029.

Utanfor Husnes i Kvinnherad pågår bygging av Onarheim kraftverk som vil få årleg produksjon på 18 GWh. Tøsse kraftverk er under bygging i Etne og vil gi årleg produksjon på 15 GWh.

Selskapet deltar også i utbygging av tre kraftverk, med samla produksjon på 88 GWh, i Rullestad i Etne. Utbygginga skjer i samarbeid med Småkraft AS.

Resultat pr 30.06.2026

Resultatet for første halvår enda på 363,1 mill. kroner etter skatt, mot 291,8 mill. kroner i tilsvarende periode i 2025. Driftsresultatet vart totalt positivt med 1057 mill. kroner mot 906,3 mill. kroner i 2025.

Totale driftskostnader utgjør 635,5 mill. kroner, mot 379,9 mill. kroner for tilsvarende periode i 2025. Av auken kjem 211,1 mill. kroner frå auke i kjøp av energi og overføringskostnader. Lønn og andre driftskostnader utgjorde 147,1 mill. kroner mot 127,3 mill. kroner for same periode i 2025. Avskrivning utgjorde 136,7 mill. kroner mot 111,3 mill. kroner i 2025. Eigedomsskatt og Konesjonsavgift utgjorde 36,8 mill. kroner mot 37,7 mill. kroner i 2025.

Finanspostar gir netto positivt bidrag til resultatet med 2,2 mill. kroner mot netto negativt på 38,8 mill. kroner i 2025. Endringa skyldast hovudsakleg valutagevinst ved realisasjon av eit lån i Euro, samt renteinntekter. Brutto renteberande lån utgjør 1 511,3 mill. kroner mot 1 611,2 mill. kroner på tilsvarende tidspunkt i 2025.

Eigenkapitalen var 4 182,1 mill. kroner pr 30.06.2026, av ein totalkapital på 8 036,9 mill. kroner. Eigenkapitalandelen var 52,0% mot 54,9% på tilsvarende tidspunkt i 2025.

Positiv kontantstraum frå drifta utgjorde 500,2 mill. kroner første halvår, etter betaling av skatt med 591,5 mill. kroner. Etter mellom anna reduksjon i renteberande gjeld med 110 mill. kroner, utdeling av utbytte med 361 mill. kroner og investeringar i driftsmiddel og langsiktige fordringar med 385,9 mill. kroner var netto likviditetsendring første halvår negativ med 426,7 mill. kroner hensyntatt endring i bankinnskott i konsernkonto.

Kontantar og bankinnskott utgjorde 649,8 mill. kroner pr. 30.06.2025, inkludert fordring innestående konsernkonto.

Kraftproduksjon

Produksjon første halvår 2026 var totalt 1 048 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 1 306 GWh i tilsvarende periode i 2025.

Selskapet sin del av produksjon i heil- eller deleigde småkraftselskap utgjorde 57,3 GWh i første halvår 2026 mot 69,4 GWh i 2025.

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2026 var 111,8 øre/kWh, medan den var 72,9 øre/kWh tilsvarende periode i 2025.

Høgaste månadleg gjennomsnittpris i første halvår var januar med 123 øre/kWh, medan april var lågast i perioden med 103,3 øre/kWh.

Hovedvolumet av kraft vert selt til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden fram til og med veke 26, var 125,1 øre/kWh eksklusiv

systemtenester, og 128,7 øre/kWh når ein inkluderer inntekter fra frekvensstøtte i primær og tertiærmarknaden, samt kapasitetsmarknaden.

Det vart totalt produsert 219 GWh vindkraft i anlegga Midtfjellet, Gismarvik og Storøy. Dette er litt lågare enn normalproduksjon, etter ein svak start på året grunna svak vindressurs og noko tekniske utfordringar.

Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg

Det er gjort ny- og reinvesteringar i driftsmidlar med 366,2 mill. kroner i konsernet.

267 mill. kroner av investeringane er knytt til nye kraftverk som er under utvikling, herunder Fjellhaugen kraftverk i Blådalsvassdraget i Kvinnherad, Onarheim kraftverk på Husnes i Kvinnherad og Tøsse kraftverk på Eikemo i Etne.

Fjellhaugen kraftverk er eit effektprosjekt med installert effekt på 185 MV. Det er venta at kraftverket vil gi omkring 70 GWh ny kraftproduksjon, og vil samtidig betra moglegheitene til å optimalisera produksjonen på den eksisterande produksjonen på 1,4 TWh som SKL har i Blåfalli. Arbeidet på kraftverket starta opp i Q3 2025 og planlagt ferdigstilling er i 2029.

Onarheim kraftverk vil ha ein produksjon på cirka 18 GWh og er venta å starta produksjon i årsskifte 2026-27. Tøsse kraftverk vil ha ein produksjon på cirka 15 GWh og vil starta produksjon i 2028.

SKL deltar også i utbygging av tre småkraftanlegg i samarbeid med Småkraft AS i Rullestad i Etne. Desse er ikkje konsolidert i SKL sitt konsernrekneskap.

Det er gjort vedlikehaldsinvesteringar i SKL sine kraftverk med totalt 82 mill. kroner. 12 mill. kroner av investeringane er nytta til oppgradering av Litledalen og Hardeland Kraftverk i Etne. Resten er i hovudsak knytt til oppgradering av Blåfalli 3H i Kvinnherad, der trafo og utandørs koplingsanlegg vert bytta ut.

Investering i verktøy, utstyr og vedlikehald/oppgradering av bygg utgjer 9,4 mill.kr.

Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet hadde ein H1-verdi på 0 pr. juni 2026, mot 9,3 pr. juni 2025. Sjukefråværet i konsernet var på 2,8% første halvår 2026, mot 3,5% i tilsvarende periode i 2025.